

Tilknyttede organisasjoner;



Vegeigarar i Møre og Romsdal

Molde, 29 mai 2024

Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Birdlife Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal.

## Kantslått – kor fornuftig er det ?

FNF Møre og Romsdal bryr seg mellom anna om naturmangfoldet og har reagert på den tidlege kantslått som no skjer i fylket vårt. Vi forståing for at det er behov for å ta bort høg vegetasjon som skygger inn mot farlege kryss og rundkøyringar, men generelt ved vegane våre har ikkje vegetasjonen konsekvensar for trafikksikkerheita og må få stå. Vi meiner at kantslått tidleg før blomstringa skjer er uheldig av fleire årsaker. Om kantslått kan vi seie følgjande;

1. Vegkantane har ofte stort botanisk mangfold. Skal blomstrane få reprodusere seg må dei nesten få blomstre først. Ein for tidlg slått vil hindre dette.
2. Insekta og andre dyr er avhengig av blant anna vegkantane og naturen der. Insekta er under sterkt press for tida frå ulike hald knytt til giftbruk i landbruket og elles i samfunnet grunna menneska, så dei treng all hjelp dei kan få. Så vi oppfordrer til å følgje nasjonal pollinatorstrategi (sjå vedlegg).
3. Fuglar og dyr er freda i yngle- og hekketida. Dette heng dårleg i hop med krattknusarar som fer vegalangs i mai måned.
4. Bøndene treng den avlinga dei kan få og er lite tent med at det blir teke kantslått fleire skårar innover marka si slik at dei reduserer produksjonsgrunnlaget.
5. Å sette mykje folk i arbeide med kantslått er lite samfunnsnyttig/berekraftig. Arbeidskrafta bør nyttast til matnyttige formål.





6. Det blir lagt for mykje vekstmedium/matjord i vegkantane som gjer at veksten her krev ein evigvarande ressurskrevjande driftsform. Vi rår vegmyndigheitene til å leggje sand og liknande i vegkantane og nytte matjorda på åkrane der vi produserer mat.

**Me vonar at vegmyndigheitene det vere seg Statens vegvesen, fylkeskommunen eller kommunane vil avgrense kantslåttene til 1 slått i året – då kan me får blømande blomsterenger og insektliv på midtrabattane og vegkantane i fylket vårt til beste for natur og folk.**

God sommar !

Helsing

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

*Ingbjørn Bredeli*

Fylkeskoordinator  
FNF Møre og Romsdal

Vedlegg; <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/lanserer-ny-nasjonal-pollinatorstrategi/id2606291/>

